

Kartlegging av skulebiblioteka i vidaregåande skule i Vestland. Samandrag. Vedlegg til sak i fylkestinget 16.06.2021

Spørjeundersøking vart sendt ut til 43 skular 26.november 2020. 39 svarte innan fristen. Det gir ein svarprosent på 91.

Undersøkinga vart sendt til rektor med oppmoding å fylle ut skjema i samarbeid med skulebibliotekar.

Integrering i pedagogisk arbeid

- 65% har bruk av skulebiblioteket forankra i skulen sine planar.
- 21 % har eigen plan for skulebiblioteket.
- 56% har skulebibliotek som tema på samlingar for pedagogisk personale.

På spørsmål om kva som skal til for å utvikle skulebiblioteket til å bli ein betre læringsarena og pedagogisk ressurs nemner flest det å involvere skulebiblioteket i det pedagogiske arbeidet gjennom tverrfagleg samarbeid, samarbeid med lærarar og integrering i utviklingsplan. Det pedagogiske personalet må bli merksame på kva biblioteket kan bidra med og planlegge når ein kan involvere biblioteket frå starten av skuleåret. Auka ressursar til stillingar eller innhaldet i biblioteket er nemnd, samt betre lokale eller rom i tilknytning til biblioteket.

Samlingsutvikling

- 56% har eige innkjøpsbudsjett på skulebiblioteket. 15 skular har ikkje eige budsjett eller kjøper inn etter behov. Det er rimeleg å tenkje at skulane som ikkje har budsjett, kjøper inn etter behov.
- 58% ønskjer felles abonnement på databasar, som t.d. aviser, leksikon og ordbøker.
- 47% nyttar e-bøker innkjøpt til folkebiblioteka, som pedagogisk ressurs.
- 66% har ønskje om å delta i transportordninga mellom bibliotek for å kunne utveksle/låne lærebøker, skjønnlitteratur, klassesett og fjernlån frå andre bibliotek i Noreg.

Biblioteklokale

- Dei fleste har gode og eigna biblioteklokale og har ingen planar om å pusse opp skulebiblioteket. Dei fleste som planlegg nytt bibliotek, har planar om nybygg på kort og lang sikt.
- Åtte skular har ikkje studieplassar på biblioteket.
- 14 har tilgang til skulebiblioteket utanom skulen si opningstid. 7 av desse har tilgang gjennom Open-skule-ordninga.

Bibliotekfagleg kompetanse

- Det er 24,45 årsverk skulebibliotekressurs fordelt på om lag 43 personar på skulane i Vestland. Dei minste skulane har minst, men også relativt store skular har liten stillingsressurs i biblioteket. 12 skular har eit årsverk eller meir på skulebiblioteket.
- Dei fem skulane som er kombinerte folke- og skulebibliotek, har tilgang til heile personale på folkebiblioteket.
- 16 skular ønskjer auka skulebibliotekarressurs. Blant desse er 8 relativt store skular, som har under eit årsverk. 22 ønskjer ikkje auka ressurs.

- Auka ressurs skal nyttast til integrering av skulebiblioteket i læringsmiljø og pedagogisk arbeid, aktiv formidling, prosjekt, sosiale aktivitetar, samarbeid med lærarar osb.

Behov for felles tenester

- Abonnement på databasar.
- Innkjøp av e-bøker
- Transportordning
- 77 % meiner det er behov for ein skulebibliotekkoordinator på fylkesnivå. Av dei fem skulane som svarte negativt i undersøkinga, kom fire frå Sogn og Fjordane.

Samarbeid med lokalt folkebibliotek

- 5 skular er kombinerte folke- og skulebibliotek. Skulane har avtalar med kommunen om tenesta.